



Høyringsfråsegn til forskrift om rammeplanar for lærarutdanning steg 8-13

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa er eit ressurscenter for nynorsk i opplæringa. Merknadene våre til ny forskrift om rammeplanar gjeld kva vilkår lærarutdanninga gjev for nynorsk i opplæringa – både som hovudmål og sidemål.

Det er meir enn 80 000 elevar som har nynorsk som opplæringspråk (hovudmål) i skulen i dag, og 114 nynorskkommunar. Lærarutdanninga 8-13 utdannar lærarar både til ungdomstrinnet i grunnskulen og til alle studieretningar i vidaregåande opplæring. Me har ei nasjonal lærarutdanning som skal utdanna lærarar som kan undervisa både nynorskelevar og bokmåselevar, og vera tilsette i nynorskkommunar og bokmålskommunar. Det er eit sjølvstøtt krav at komande lærarar, også dei som ikkje skal vera norsklærarar, meistrar opplæringsmålet til elevane. Difor meiner Nynorsksenteret det må inn ei eller fleire formuleringar i føresegnene som eksplisitt uttrykkjer krav om denne kompetansen.

Læreplanen Kunnskapsløftet har sett ord på ei viktig innsikt: Alle lærarar er språklærarar i sine fag. Elevar les og skriv i alle fag, og læraren er eit språkleg førebilete når det gjeld fagleg lesing og skriving. Nynorsksenteret gjer framlegg om at det kjem inn ei formulering i forskriftene som speglar dette.

Nynorsksenteret gjer framlegg om at det vert teke inn ei formulering i forskriftene til dei ulike variantane av lærarutdanning 8 – 13 som liknar formuleringa i forskrifta for 5-10-utdanninga:

Under «læringsutbytte»:

Kandidaten har kunnskap om arbeid med videreutvikling av grunnleggende ferdigheter (utrykke seg muntlig, lese, utrykke seg skriftlig, regne, bruke digitale verktøy) i og på tvers av fag, og kan tilrettelegge for progresjon i disse ferdighetene i opplæringen tilpasset elever på 5.–10. trinn. (Dette kan setjast inn under «kunnskap» under læringsutbytte i 8-13-planen)

Under «ferdigheter»:

Kandidaten mestrer norsk muntlig, norsk skriftlig både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng.

Volda, 30.11.2012

Torgeir Dimmen
Leiar ved Nynorsksenteret